

REFERAT FAU-MØTE SLETTEBAKKEN SKOLE 8.3.2022

Tid: 17-19

Stad: Slettebakken skule/digitalt

Referent: Elisabeth Totland

Til stede

Ole Folkedal (1C og 4C), Linn Yver (2A), Aina Kolle (2B, vara), Martin Paulsen (5A), Kavita N. Søreide (5B), Synnøve Huglen (6A), Elisabeth Totland (6B), Stig Småland (7A), Eirik Kjøde Ødegård (teams), Torgeir Skjælaen (rektor, sak 52 og 54)

Sak 52 – 21/22: Orientering frå rektor

Status covid

Status ift covid er at det er mykje fråvær hos lærarane og på SFO. Særleg på SFO kan det være dagar med mange nye vikarar slik at ungane kan mangle dei kjente og trygge relasjonane.

Skuleåret 2022-2023

Skulen har sendt ut varsel om skuleplass til 100 nye førsteklasingar, men ventar at det blir ein del færre. Det er likevel sannsynleg med 3 klassar.

Helseverngodkjenning

Helseverngodkjenning gjennomført i 2021 ga kommunen som eigar 1 år på å undersøke kor mange elever klasseromma kan tole i forhold til luftkvalitet. Rektor har purra på tilbakemelding på dette.

Krigen i Ukraina

Spørsmål frå FAU om korleis kommuniserer skulen til barna om situasjonen i Ukraina?

Generelt er dei tilsette merksam på at barn med tilknytning til Ukraina er spesielt sårbare. Ut over dette har ikkje skulen noko felles opplegg, men har gitt ei generell oppfordring om å handtere det skånsamt og være merksame på sårbare barn.

Tilbakemelding frå FAU om at foreldre ønsker meir informasjon frå den enkelte lærar om korleis dette blir handtert i klassa. Det vart mellom anna spurt om korleis skulen følgjer opp informasjon som har kome frå kommunen

<https://www.bergen.kommune.no/hvaskjer/barnehage-og-skole/krigen-i-ukraina-informasjon-til-barnehager-og-skoler>

Skulen førebur seg også på å kunne ta i mot flyktningar, og har orientert kommunen om kapasitet i velferdsklassa.

Sak 53-21/22: Kvalitetsoppfølging

Skolen skal ha et kvalitetsoppfølgingsmøte i mars, se sak 33-21/22.

Martin orienterte om samanfatning av FAU-sine diskusjonar i forrige møte under dei ulike hovudtema, sjå referat frå førre møte.

Sak 54 – 21/22: 17. mai

Foreldre ved 5. trinn (fast 17-mai komité) har starta planlegging for 17. mai, og ønsker å få til arrangement tilsvarande som før corona. Ein ser ikkje grunn til at ein ikkje kan få det til, sjølv om der framleis er noko smitte.

Hovudelementa i programmet vil være;

- Tog frå skulen kl. 15.45, i rute med stopp og synging av nasjonalsongar ved Slettebakken eldresenter og Slettemarken sykehjem
- Kulturelt innslag i gymsal med sal av mat. Sitteplassar inne og ute dersom være tillèt det.
- Tradisjonelle leikar på skuleplassen.

Ein satsar på at der er nok ressursar med foreldrene på 5. trinn, men dersom behov kan det bli aktuelt å spørje foreldre frå 6. og 7. trinn, sidan det ikkje var vanleg arrangement i 2020 og 2021.

Sak 55-21/22: Eventuelt

Fest for 5-7 trinn?

Spørsmål frå FAU til rektor om skulen har planar for arrangering av fest for 5-7 trinn slik som tradisjonen var før corona. (fest i gymsal på kveldstid med mellom anna leikar, snacks og dans.

Rektor undersøker med avdelingsleiar om dette.

Natteravnar

Orienter om at det torsdag 10.mars er stiftingsmøte for natteravnar på Slettebakken skule, i samarbeid med Fridalen skule, og at ein satsar på at ein skal kunne kome i gang over påske.